

FOR MENNESKE OG MILJØ

Miljøpartiet Dei Grøne Seljord Valprogram 2019-2023

VERDIANE VÅRE

Vi står ved eit vegskilje. Vi må ta eit oppgjær med målet om heile tida å produsere meir, for i neste omgang å kjøpe og så kaste meir. Livskvalitet er ikkje bare eit spørsmål om levestandard. Vi vil utforme ein heilskapleg politikk for nåtid og framtid, basert på solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar, og solidaritet med dyr og natur.

- Økonomien må bli underordna sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt.
- Det grønne skiftet er avhengig av livskraftige lokalsamfunn baserte på lokale ressursar.
- Vi meiner at politikarane i Seljord må ta ansvar gjennom tydelege tiltak mot klimaendringane og tap av natur og biologisk mangfald.

SELJORD I VEST-TELEMARK

- Frå 2020 er vi del av eit nytt storfylke. For å unngå ytterlegare marginalisering meiner vi difor at samarbeidet mellom Vest-Telemark-kommunane må styrkast, og er opne for ein diskusjon om *ein* Vest-Telemark-kommune.
- Det trengst auka interkommunal kompetanse på planarbeid innan klima- og miljøtiltak og berekraftig næringsutvikling og arealutnytting.

- Vi ynskjer å vidareutvikle Vest-Telemark Kraftlag og Renovest til å bli pådrivarar i det grønne skiftet.
- Vi er imot framlegget om sentralisering av museumssektoren.
- Vi vil verne sårbart terreng i heile regionen.

MILJØ

Vi vil:

- redusere lokale klimautslepp og lyd- og ljusforureining
- fjerne unødvendig eingongsplast i kommunal regi og på festivalar
- installere solcellepanel på kommunale bygg
- redusere kommunen sin bruk av vegsalt
- ha nulltoleranse på nedbygging av matjord
- redusere slått og sprøyting av vegkantar for at insekta skal overleve
- redde storauren i Vallaråi og Seljordsvatnet
- auke medvitet om dyrevelferd
- ha eit kommunalt klimabudsjett og -rekneskap
- sertifisere Seljord kommune som Miljøfyrtårn

HELSE OG OPPVEKST

Vi vil:

- arbeide for at Seljord har nok sjukeheimsplassar
- ha ei meir offensiv satsing på folkehelsearbeid i kommunen
- ta vare på grøntområde i samband med fortetting av sentrum
- balansere IT-satsinga, særleg for dei yngste, mot andre praktiske og teoretiske læringsverktøy
- arbeide for digitale læreplattformer på nynorsk, slik lova krev
- styrke mattilbodet i skulen
- styrke lærartettleiken i integreringsarbeidet
- ha meir fysisk aktivitet i skulen og eldreomsorga

NÆRING OG ØKONOMI

Vi vil:

- innføre eidegdomsskatt for å oppnå ein forsvarleg kommuneøkonomi
- støtte alle som har idear og pågangsmot til å skape nye og grønne arbeidsplassar
- fremje skogsdrift som betrar CO2-balansen og tek vare på naturmangfaldet
- arbeide for ein meir berekraftig kjøtproduksjon og meir dyrking av frukt og grønnsaker i landbruket
- styrke tiltak som vernar om kulturlandskapet gjennom miljøvenleg bruk

SAMFERDSLE

Vi vil:

- arbeide for gode lokale kollektivløysingar
- utvide ladekapasiteten for elbilar i Seljord sentrum og Flatdal
- sikre tilgang på breiband i heile kommunen
- ha ein restriktiv politikk på bruk av sno- og vasskuter

KULTUR

Vi vil:

- vere pådrivarar i integreringa av innvandrarar
- legge til rette for delings-, byte- og utleigeordningar lokalt
- støtte arbeidet til frivillige lag og organisasjonar
- arbeide for at Flatdal skal få status som utvald kulturlandskap